



Svein Moland har i tillegg til å vere sosionom, leiarutdanning innan helse- og sosialtenesta. Han har mellom anna fartstid frå fengselsvesenet, barnevern og sosialtenesta. Før han etablerte seg med eige kontor i Norddal Næringshage, var han å finne i stillinga som sosialleiar i Stordal. Han er busett i Fjørå og får inspirasjon frå livet og utsikta på garden Ruset og Sætra som sambuar Mari Ruset driv.

Tilbyr hjelp til dei som arbeider med menneske

Vil ei lita bedrift frå Fjørå kunne revolusjonere helse- miljø- og sikkerhetsarbeidet i Norge? Svein Moland er open for tanken.

INGRUN MYKLEBLIST

Då han ville til på hovudfagsoppgåve for å skrive om hjertebarnet sitt, Dynamisk sikring, fekk han eit godt råd av Paul A. Thyness ved Høgskolen i Oslo. Han meinte at Svein burde få det ut til folk i form av eit kurs og ikkje gøyme det vekk i ei hovudfagsoppgåve. Og slik vart det.

Svein Moland har nyleg starta bedrifta Moland Kompetanse og Rådgivning (MKR) med basis i Dynamisk sikring. Dette er eit kurs som utviklar ein betre sikkerheitskultur og er med og reduserer skader for tilsette i ulike yrke. Han er inne i første fase av prosjektet, nemleg å selje ideen til dei han meiner kan ha nytte av han.

Skape tryggleik

Dynamisk sikring vender seg til mange arbeidsgrupper og har fleire funksjonar. Svein Moland har god kjennskap til helse-Norge, barneverns- og sosialetaten, og veit at desse arbeidsgruppene ikkje har opplegg som ivaretek tryggleik i yrka deira godt nok. Han trur at systemet han har utvikla kan vere nyttig for pleie og omsorg, sosialkontor, barneverntenesta, trygdekontor, legekantor, Pu-tenesta, psykiatri, for lærarar, politi, fengselsvesenet, vaktelskap, hotell og restaurantar. I det heile alle som er i stillingar der ein

møter personar som kan setje sikkerheita til dei rundt i fare.

Dei som går kurset, vil få opplæring i korleis dei betre kan førebygge uønska atferd frå brukarar av tenester. Å skape tryggleik er eit stikkord. Korleis kan ein uforutseieleg arbeidsdag gjerast tryggare? Korleis innreier ein eit sosialkontor og trygdekontor for å ta vare på sikkerheita til dei som arbeider der? Korleis skal ei heimhjelp oppføre seg i heimen til ein brukar som kan bli utagerande? Korleis kan fosterforeldre takle å ha ein ungdom med åtferds- og rusproblem i huset?

Det vanlege er at dei som har vore utsette for ein trugande situasjon mottok krisehjelp i etterkant, ingen førebyggjer. Moland meiner at ved å fokusere positivt på å førebyggje for å skape ein betre sikkerheitskultur, og dermed skape betre tryggleik, kan det få sjukeveret til å gå ned og bidra til å førebygge utbrentheit. Å vere utrygg gjer folk stive og stressa. Det kan gi seg utslag i muskel- og skjelettplager.

– Eg vil påstå at dette kan bidra til at folk løfter feil, seier Svein Moland, og tek ein utrygg og stressa hjelpepleiar som døme. Han trur at mange går rundt og er redde, utan å seie frå om det.

Moland fortel at eit viktig verktøy på kurset er JTI (Jungiansk Type Indeks) og Teamkompasset. Dette er ein reiskap som hjelper deltakarane til å forstå seg sjølve betre, og til å forstå ulikheiter mellom seg sjølv og andre.

Dører på gløtt

Arbeidstilsynet har hatt ein kampanje der det har vore sett søkelys på heime-

tenesta. Snart skal dei inn og sjå på sjukehusa. Svein Moland har hatt kontakt med ansvarleg for aksjonane og har fått gode tilbakemeldingar. Han skal truleg attende for å presentere opplegget sitt. Moland trur heimetenesta har stort potensiale for forbetring. Med sine 100.000 tilsette er det ein av landets største kvinnearbeidsplassar. I dette yrket møter dei tilsette mange situasjonar som dei ikkje er førebudde på. Svein Moland har kursopplegget klart for å rette opp dette. Då vil ein kunne gå over frå å drive krisehjelp i etterkant til å førebygge situasjonar. Når dei tilsette blir trygge, vil dette utan tvil ha positiv innverknad på belastande arbeidsmiljø. Slike miljø kan produsere arbeidsrelatert stress, utbrentheit og sjukefråver.

Moland er overtydd om at det er mykje å spare. Molde kommune har om lag 700 tilsette innan pleie og omsorg. – Om ein her årleg kan redusere sjuke-meldingar, til dømes 20 arbeidsgivarperiodar, sparer ein 1 million kroner, seier han.

Moland ser potensialet klart også for barnevernet i Norge. Å bruke privat barnevernsinstitusjon er dyrt, fosterheimar er den rimelegaste løysinga for staten. Om ein kan få ein familie til å halde ein ungdom eitt år ekstra i fosterheim, sparer det samfunnet for store summer. Døgnprisen for å ha ein ungdom i privat barneheimstiltak kan variere frå 2000 til 9000 kroner. Statens barnevern region Midt-Norge har takka nei til tilbod om kurs. Men Svein Moland gir seg ikkje og vil prøve å overbevise dei som sit på departementsnivå om sikringssystemet sitt.

Også små bedrifter kan ha noko å

hente hos kompetanseselskapet. I mindre bedrifter nyttar ein gjerne familie og vennar til å diskutere jobb med. Svein Moland har tru på eit skilje mellom arbeid og heim og tilbyr rettleiing i arbeidsmeistring.

Oppdrag i staden for sjekk

HMS-gründaren er i ferd med å søkje Innovasjon Norge om støtte. I eit møte med selskapet der han presenterte Dynamisk sikring, fekk Moland vite at han er framfor si tid, at han må vere budd på å kjempe fram ideen sin om å førebygge framfor å krisehandsame. Dei fleste kommunar og arbeidsgjevarar trur dei sparer pengar på å vente til krisa er der, i staden for å vere føre var.

Moland vil gjerne ha hjelp frå kommunen også, men på ein slik måte at det blir ein vinn-vinn situasjon for begge partar. Derfor vil han ikkje søkje om tradisjonell utdeling frå næringsfondet, men heller få kommunen med på å kjøpe tenester for sine tilsette frå MKR. Slik kan dette bli ein test-kommune for den nystarta bedrifta, og kommunen på si side vil få kursing i å førebygge, det vil seie kurs i Dynamisk sikring.

Svein Moland har sjølvsagt ein visjon om at bedrifta vil vekse og gi rom for fleire arbeidsplassar. Det vil ikkje vere han imot om det etter kvart kjem inn store bedrifter til kurs. Samstundes som dei får opplæring i Dynamisk sikring, kan dei til dømes vere med på aktivitetar som Valldal Naturopplevingar tilbyr. Men først av alt må kundane oppdage at det er billegast å førebygge. Det blir Svein Molands jobb i dagane framover.